



Inntekt i jordbruket 2013

Samla næringsinntekt i jordbruket 2004–2013

Tabell 1. Næringsinntekt frå jordbruk i alt, mill. kr. SSB, tabell 04984.

Fylke	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Østfold	320	339	300	333	374	290	356	335	330	335
Akershus og Oslo	327	467	243	292	342	247	303	280	277	283
Hedmark	536	541	475	557	597	506	534	539	583	589
Oppland	576	761	579	654	685	641	710	688	704	763
Buskerud	283	435	228	264	269	243	266	257	273	286
Vestfold	227	258	186	213	257	205	259	238	250	234
Telemark	122	178	103	122	135	122	140	130	136	138
Aust-Agder	71	88	66	69	78	74	81	74	78	87
Vest-Agder	106	133	104	112	118	109	124	117	129	132
Rogaland	733	1 157	748	872	918	839	910	902	924	900
Hordaland	267	347	258	281	298	293	322	315	320	320
Sogn og Fjordane	335	361	327	355	373	367	404	403	418	403
Møre og Romsdal	418	458	413	441	445	419	479	456	464	438
Sør-Trøndelag	465	635	445	483	489	454	490	483	509	501
Nord-Trøndelag	572	610	567	632	653	609	651	676	719	680
Nordland	389	397	382	435	439	418	464	455	476	464
Troms	171	170	171	185	184	174	202	186	190	183
Finnmark	56	64	56	61	56	53	58	56	59	59
Landet	5 975	7 399	5 652	6 362	6 708	6 063	6 754	6 590	6 839	6 794

Aust-Agder er det nest minste jordbruksfylket i landet, nest etter Finnmark både når det gjeld sum inntekt og jordbruksareal. Nabofylka våre, Telemark og Vest-Agder kjem på dei neste plassane frå botnen.

Aust-Agder tilhøyrrer ein region der jordbruket til dels er ei sårbar næring. Her er utfordringar med fallande dyretal og gjengroing i delar av fylket. På ei anna side har Aust-Agder store jordbrukskommunar som Grimstad og Arendal. I Grimstad-området har me mellom anna ei betydeleg verdiskaping innan potet- og grønsaksproduksjonen.

Næringsinntekt frå jordbruk og jordbruksfrådraget

I ein del av dei følgjande tabellane er det oppgjeve brutto næringsinntekt frå jordbruk. På grunn av jordbruksfrådraget vert næringsinntekt frå jordbruk skattlagt annleis enn anna inntekt. Tala kan difor ikkje samanliknast nøyaktig med lønsinntekter.

Tabell 2. Jordbruksfrådraget, satsar.

År	100 % frådrag inntil	Sats utover dette	Maksimalt samla frådrag
2004–2005	36 000 kr	19 %	61 500 kr
2006	36 000 kr	19 %	71 500 kr
2007	45 000 kr	32 %	142 000 kr
2008–2011	54 200 kr	32 %	142 000 kr
2012–2015	63 500 kr	38 %	166 400 kr

Bønder si brutto årsinntekt i 2013


Med bønder meiner me innehavarar av enkeltpersonføretak som søker produksjonstilskot i jordbruket.

Tabell 3. Gjennomsnittlege bruttoinntekter for bønder i 2013, kr. SSB, tabell 05038.

Fylke	Næringsinntekt		Løn og pensjon	Kapitalinntekt o.l.	Bruttoinntekt i alt
	Jordbruk	Annan næring			
Østfold	149 900	91 400	330 500	78 400	650 100
Akershus og Oslo	133 200	129 700	361 800	75 000	699 700
Hedmark	179 600	81 100	271 300	42 600	574 500
Oppland	166 800	69 600	254 800	40 000	531 100
Buskerud	131 600	114 600	313 200	63 500	622 900
Vestfold	162 400	94 600	344 700	74 500	676 300
Telemark	96 900	77 100	353 100	39 000	566 000
Aust-Agder	133 800	68 000	287 100	48 400	537 300
Vest-Agder	123 500	63 100	311 000	50 700	548 300
Rogaland	216 600	67 300	280 900	60 500	625 300
Hordaland	104 900	44 600	352 900	36 500	538 900
Sogn og Fjordane	137 100	44 900	274 600	39 100	495 700
Møre og Romsdal	167 100	59 100	275 100	33 200	534 600
Sør-Trøndelag	176 500	56 200	265 600	40 500	538 700
Nord-Trøndelag	217 900	56 100	258 300	34 200	566 400
Nordland	213 400	42 100	222 200	24 000	501 700
Troms	185 400	48 000	219 700	23 900	477 000
Finnmark	193 500	46 700	224 100	23 600	488 000
Landet	165 100	69 500	288 100	46 500	569 200

Bøndene i Aust-Agder har mindre inntekt frå jordbruket enn landsgjennomsnittet. Dei hentar meir av inntekta si frå andre næringar enn den norske gjennomsnittsbrukaren. Dette heng saman med at skogbruk er ei viktig næring i Aust-Agder.

Næringsinntekt frå jordbruk i 2013 etter driftsform




Figur 1. Gjennomsnittleg næringsinntekt frå jordbruk i 2013 etter driftsform, kr. SSB, tabell 09832. Føretaket vert plassert i ei gruppe med ein-sidig produksjon når minst 2/3 av dekningsbidraget kjem frå denne produksjonen. Alternativt vert det plassert i den gruppa med blanda produksjon der minst 2/3 av dekningsbidraget kjem frå dei aktuelle produksjonane.


Desse søylene viser kor stor skilnad det er på ulike typar føretak og kor store variasjonar som ligg bak tala i dei andre tabellane. Skilnadane skuldast både ulik storleik på driftseiningane og ulik lønsemd i produksjonane. I snitt er næringsinntektene lågare i Aust-Agder enn i resten av landet, men innan blanda planteproduksjon, hagebruk og potet er dei høgare.

Inntektsutviklinga til bøndene 2004–2013

Med bønder meiner me innehavarar av enkeltpersonføretak som søker produksjonstilskot i jordbruket.



Figur 2. Gjennomsnittleg inntektsutvikling til bøndene i Aust-Agder, kr. SSB, tabell 05038.



Figur 3. Gjennomsnittleg inntektsutvikling til bøndene i heile landet, kr. SSB, tabell 05038.

Jordbruksinntekta til bøndene er mellom anna avhengig av vêrforholda i sesongen og går difor ein del opp og ned frå år til år. Over tid påverkar kostnader, pris, tilskot og frådrag inntektsutviklinga.

Effektiviseringa kjem i liten grad til syne i auka gjennomsnittleg næringsinntekt, men den har nok hindra ein nedgang. Dei individuelle variasjonane bak gjennomsnittleg inntektsutvikling er store. Føretak som ikkje har utvida produksjonen kan ha hatt nedgang i næringsinntekt medan auka produksjon har auka inntekta for andre. På ei anna side kan investeringar ha redusert inntekta dei første åra for ein del føretak.

Bøndene tek stadig meir av inntekta si frå pensjon og løna arbeid utanfor garden. Rundt to tredelar av auken skuldast auka lønsnivå. Resten av auken kjem av meir tid brukt til lønsarbeid. Bøndene arbeider meir eller har fått frigjort tid pga. effektivisering. Nokon bønder utvidar jordbruksproduksjonen, og andre arbeider meir utanfor garden.

Bøndene fordelt etter kor stor del av inntekta som kjem frå jordbruk

Med bønder meiner me innehavarar av enkeltpersonføretak som søker produksjonstilskot i jordbruket.

Tabell 4. Bønder, etter næringsinntekt frå jordbruk i prosent av bruttoinntekt i 2013. SSB, tabell 05043.

Fylke	0 %	1–9 %	10–49 %	50–89 %	90–100 %
Østfold	37 %	17 %	26 %	14 %	7 %
Akershus og Oslo	36 %	18 %	30 %	12 %	3 %
Hedmark	30 %	13 %	27 %	19 %	10 %
Oppland	29 %	12 %	27 %	21 %	11 %
Buskerud	32 %	19 %	31 %	14 %	5 %
Vestfold	34 %	18 %	28 %	14 %	6 %
Telemark	44 %	18 %	23 %	10 %	5 %
Aust-Agder	35 %	18 %	26 %	15 %	7 %
Vest-Agder	36 %	18 %	25 %	13 %	9 %
Rogaland	22 %	15 %	29 %	18 %	16 %
Hordaland	36 %	20 %	25 %	12 %	7 %
Sogn og Fjordane	26 %	15 %	32 %	18 %	9 %
Møre og Romsdal	29 %	14 %	25 %	17 %	15 %
Sør-Trøndelag	28 %	12 %	25 %	20 %	14 %
Nord-Trøndelag	23 %	13 %	25 %	21 %	17 %
Nordland	22 %	11 %	27 %	19 %	22 %
Troms	21 %	12 %	29 %	19 %	19 %
Finnmark	29 %	12 %	21 %	18 %	20 %
Landet	30 %	15 %	27 %	17 %	11 %

Aust-Agder er eit fylke der berre ein liten del av gardbrukarane tek det meste av inntekta si frå jordbruket. Fylket har mange jordbruksføretak med lite areal og få dyr. Vel halvparten av bøndene tek under 10 % av inntekta si frå jordbruk. Kor stor del av inntekta brukaren har ført på ektemaken har me ikkje oversyn over, men truleg vil skilnaden mellom fylka på det området vera liten.


Bønder fordelt etter næringsinntekt frå jordbruk

Med bønder meiner me innehavarar av enkeltpersonføretak som søker produksjonstilskot i jordbruket.

Tabell 5. Bønder etter næringsinntekt frå jordbruket i 2012. SSB, tabell 05040.

Inntektsnivå	Prosent, heile landet	Prosent, Aust-Agder	Tal føretak, Aust-Agder
Utan positiv inntekt	30 %	35 %	226
1–49 999 kroner	15 %	19 %	127
50 000–99 999 kroner	13 %	11 %	71
100 000–249 999 kroner	17 %	17 %	110
250 000–399 999 kroner	12 %	8 %	51
400 000 kroner og over	14 %	11 %	69

Heile 35 % av bøndene i Aust-Agder står utan overskot frå jordbruksdrifta. På landsbasis er talet 30 %. I talet ligg nok mange mindre føretak med små produksjonsinntekter i forhold til faste kostnader som vedlikehald og avskrivning på bygningar og maskiner. I ein investeringsfase kan også større føretak koma inn i denne gruppa. 653 jordbruksføretak i Aust-Agder er med i denne statistikken i 2013.



Figur 4. Bønder etter inntekt frå jordbruket i 2012. SSB, tabell 05040.

Lågare jordbruksinntekter i Aust-Agder heng saman med mindre driftsomfang enn landsgjennomsnittet.


Gjeld og renteutgifter for bønder

Tabell 6. Gjennomsnittlige renteutgifter for bønder, kr. SSB-tabell 09823.


	2010	2011	2012	2013
Heile landet	53 800	59 500	65 500	70 200
Aust-Agder	44 700	52 300	59 000	61 400

Tabell 7. Gjennomsnittlig gjeld for bønder, kr. SSB-tabell 09823.

	2010	2011	2012	2013
Heile landet	1 437 000	1 554 000	1 669 700	1 794 000
Aust-Agder	1 245 000	1 391 000	1 507 400	1 634 000



Figur 5. Gjennomsnittlige renteutgifter for bønder, kr. SSB-tabell 09823.



Gjennomsnittlig gjeld for bønder, kr. SSB-tabell 09823.

Oppsummering

Aust-Agder-jordbruket svært sammansett. Tala i dette dokumentet omfattar alt frå store potet- og grønssaksprodusentar til småbrukarar med nokre få oksar eller sauer. For mange er garden også utgangspunktet for andre næringar, mellom anna skogbruk.